

6 / 2023

RAPPORT

**Evaluering av Nasjonalt
kvalifikasjonsrammeverk for livslang
læring (NKR), delrapport 4**
Arbeidstakarars kjennskap til og nytte av NKR

2023



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit fagleg uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUTs overordna mandat, myndighet og faglege sjølvstende er spesifisert i universitets- og høgskolelova. I tillegg til fagleg uavhengige oppgåver skildra i lover og forskrifter har NOKUT ordinære forvaltningsoppgåver delegert frå departementet.



- NOKUTs føremål er å sikre og fremje kvalitet i utdanning ved
- å føre tilsyn med, informere om og bidra til å utvikle kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning
 - å godkjenne og informere om utanlandsk utdanning og informere om utsiktene for godkjenning av utanlandsk utdanning og kompetanse i Noreg



Arbeidet NOKUT gjer, skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten på norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning og godkjend utanlandsk utdanning..



NOKUT brukar sakkunnige i akkrediteringar, tilsyn, evalueringar, godkjenning av utanlandsk utdanning og prosjekt.

Du kan lese meir om arbeidet vårt på nokut.no.



NOKUT er sertifisert som miljøfyrtårn

Tittel	Evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), delrapport 4
Forfatter(e)	Kristoffer Øygarden, Jon Furholt og Gerhard Y. Amundsen
Dato	24.05.2023
Rapportnummer	6-2023
ISSN-nr	1892-1604

© NOKUT Oppgi NOKUT som opphav ved bruk av materiale.

Forord

Denne delrapporten inngår i ei evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring som NOKUT gjer på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Den presenterer datamaterialet frå ei spørjeundersøking som har gått ut til norske arbeidstakarar. Dette materialet inngår i det empirisk grunnlaget for å vurdere i kva grad norske arbeidstakarar kjenner til og har nytte av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Tala i denne undersøkinga er samla inn gjennom Arbeidslivsbarometeret 2022, av Arbeidsforskningsinstituttet ved OsloMet (AFI), og i regi av Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS).

Denne rapporten er den fjerde, deskriptive rapporten i evalueringa. Den fyrste deskriptive rapporten presenterer perspektivet til utdanningsinstitusjonar og fagmiljø på NKR, og den andre presenterer studentanes forhold til NKR og læringsutbyteskildringar. Den tredje delrapporten presenterer kjennskap, bruk og nytte blant norske arbeidsgjevarar. For øvrig viser vi til evalueringas hovudrapport som blir ferdigstilt i 2023.

NOKUT vil takke alle respondentane for deltaking i undersøkinga. Vi vil også takke YS for å gje NOKUT tilgang til arbeidet med Arbeidslivsbarometeret og AFI for godt samarbeid.

Innhold

1 Introduksjon	5
2 Resultata frå undersøkinga	6
2.1 Kjennskap til læringsutbyteskildringar blant arbeidstakrar	6
2.2 Oppleving av nytte av læringsutbyteskildringane.....	10
2.3 Kva faktorar veg tyngst?.....	11
3 Oppsummering.....	13
4 Vedlegg	14
4.1 Regresjon – bakgrunnsvariablar.....	14
4.2 Regresjon – komplette resultat.....	15

1 Introduksjon

Dette notatet inngår i ei evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR) som NOKUT gjennomfører på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Eit hovudformål i evalueringa er å skape eit godt kunnskapsgrunnlag om dagens situasjon. I denne samanhengen har NOKUT, i samarbeid med Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS), innhenta informasjon om kjennskapen norske arbeidstakarar har til læringsutbyteskildringar.

Arbeidslivsbarometeret har blitt gjennomført årleg av YS, i samarbeid med Arbeidsforskningsinstituttet (AFI), sidan 2009. Føremålet er å måle og undersøkje årlege utviklingstrekk og status i norsk arbeidsliv. I 2022 fekk totalt 14714 arbeidstakarar invitasjon til å delta i undersøkinga – av desse svarte 4066. Det gir ein svarandel på 28 prosent. For øvrig informasjon om utvalet viser vi til Arbeidslivsbarometeret 2022.¹ I arbeidslivsbarometeret 2022 fekk prosjektgruppa for evalueringa av NKR høve til å inkludere eit spørsmål i spørjeskjemaet som spør arbeidstakarane om dei kjenner til læringsutbyteskildringar, og viss dette er tilfelle, om dei opplever dei som nyttige. Spørsmålet inkluderte hjelpeTeksten «Læringsutbyttebeskrivelser er skildringar av kva ein person skal kunne, forstå og vere i stand til å gjere etter ei avslutta utdanning. Læringsutbyteskildringar skal vere oppført i alle vitnemål frå høgare utdanning (fra 2012) og fagskoleutdanning». Dette notatet gjev ei kort oversikt over resultatet på spørsmålet, fordelt på diverse relevante bakgrunnsvariablar som sektor- og bransjetilhøyre, alder, og utdanning. Vi undersøkjer også den relative viktigheita av desse bakgrunnsfaktorane, kontrollert for kvarandre, ved hjelp av logistisk regresjonsanalyse i kapittel 4.

For ytterlegare diskusjon av resultata, sjå hovudrapporten for NOKUTs evaluering av NKR, publisert i mai 2023.

¹ Les meir om Arbeidslivsbarometeret 2022 her: https://arbeidslivsbarometer.no/wp-content/uploads/2022/08/Arbeidslivsbarometeret_2022.pdf


2 Resultata frå undersøkinga

2.1 Kjennskap til læringsutbyteskildringar blant arbeidstakrar

Ein sentral dimensjon ved NKR er at alle kvalifikasjonar som er innplassert skal ha utforma læringsutbyteskildringar, formulert i kategoriane *kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse*. Vi la til grunn at læringsutbyteskildringar for utdanningane er den primære måten enkeltpersonar møter på NKR på. Det er også desse som i størst grad skal setje ord på kva kompetanse ein person er forventa å ha etter enda utdanning. Vi har med andre ord ikkje kartlagt kjennskapen til NKR direkte, men til dei operative læringsutbyteskildringane som spring ut av det.

I undersøkinga fekk respondentane høve til å velje eitt av fire alternativ, om dei kjenner læringsutbyteskildringar og opplever dei som nyttige eller ikkje, om dei ikkje kjenner til læringsutbyteskildringar eller ikkje vil svare.

Figur 2.1 viser fordelinga for kvart svaralternativ på spørsmålet om kjennskap til læringsutbyteskildringar i YS' arbeidslivsbarometer. Omrent 17 prosent av arbeidstakarane svarer at dei kjenner til læringsutbyteskildringar. Flesteparten av desse svarer også at dei opplever læringsutbyteskildringar som nyttige. Godt over halvparten (61 prosent) svarer at dei ikkje kjenner læringsutbyteskildringar. Inkluderer vi dei som ikkje ønskjer å svare eller ikkje ser på spørsmålet som aktuelt, så er delen 82-83 prosent.




Figur 2.1: Kjennskap til læringsutbyteskildringar blant alle respondentar (N=4066)

Det er vanskeleg å vite kva som ligg bak «Ikke aktuelt / vil ikke svare», men det er nærliggjande å anta at arbeidstakrarar som ikkje ser på læringsutbyteskildringar som aktuelle også har låg kjennskap til desse. I figurane under ser vi på delen av arbeidstakarane som svarer at dei kjenner til læringsutbyteskildringar, fordelt på ulike grupperingar. I desse er «ikke aktuelt / vil ikke svare» slått saman med dei som ikkje kjenner


læringsutbyteskildringar.² Andelane som kjenner til læringsutbyteskildringar er med andre ord andelar av det totale utvalet. Andelen som kjenner til læringsutbyteskildringar er også slått saman, uavhengig av korleis dei vurderer nytten av læringsutbytteskildringane.

Figur 2.2 og 2.3 viser andel av arbeidstakarane som kjenner til læringsutbyteskildringar, fordelt på høvesvis sektor- og bransjetilhøyre. Vi ser at kjennskapen til læringsutbyteskildringar er vesentleg høgare i offentleg sektor (om lag 1 av 4 kjenner til læringsutbyteskildringar), samanlikna med privat sektor og offentleg eigde selskap (i overkant av 1 av 10 kjenner til læringsutbyteskildringar). Vi ser òg ein stor variasjon i kjennskap på tvers av bransjar. Resultata indikerer ein tydeleg trend der arbeidstakarar i utdannings-, forskings- og helse og omsorgssektorane har markant høgare kjennskap til læringsutbyteskildringar. Det er verd å merke seg at desse bransjane også i stor grad tilhøyrer offentleg sektor – i kapittel 4 ser vi nærmere på den relative forklaringskrafta til sektor- og bransjetilhøyre på kjennskap.



Figur 2.2: Andel som kjenner til læringsutbyteskildringar, fordelt på sektor. (N=3792)


² Det vil seie at at «ikke aktuelt / vil ikke svare» har verdien verdien 0 staden for at dei blir fjerna frå utrekninga av delen som kjenner til læringsutbyteskildringar.




Figur 2.3: Andel som kjenner til læringsutbyteskildringar, fordelt på bransje. (N=4049)

Figur 2.4 og 2.5 viser kjennskap til læringsutbyteskildringar fordelt på alder og utdanningsnivå/-bakgrunn. Her ser vi også nokre tydelege tendensar: Kjennskap til læringsutbyteskildringar ser ut til å synke markant med alderen, frå 40 prosent blant arbeidstakarar i alderen 30 år og yngre, til berre 10 prosent blant dei over 50 år. Læringsutbyteskildringar blei innført først i 2012, og låg kjennskap blant dei eldre arbeidstakarane heng sannsynlegvis i stor grad saman med at mange fullførte utdanninga før innføringa.

Når det gjeld utdanningsbakgrunn ser vi klart høgast kjennskap (1 av 4) blant arbeidstakarar med universitets- og høgskuleutdanninger på meir enn 4 år, noko lågare kjennskap (1 av 5) blant tilsvarande utdanninger på 4 eller færre år. Arbeidstakarar med høgare yrkesfagleg utdanning har noko lågare kjennskap igjen enn desse (1 av 6/7), men dei utan høgare utdanning eller høgare yrkesfagleg utdanning har klart lågast kjennskap.




Figur 2.4: Andel som kjenner til læringsutbyteskildringar, fordelt på alder (gruppert). (N=4066)




Figur 2.5: Andel som kjenner til læringsutbyteskildringar, fordelt på utdanningsnivå. (N=4066)

2.2 Oppleving av nytte av læringsutbyteskildringane

Blant dei som kjenner til læringsutbyteskildringar, kor stor del ser på desse som nyttige? Figur 3.1 og 3.2 viser delen som ser på læringsutbyteskildringar som nyttige, blant dei som kjenner til læringsutbyteskildringar. Eit klart fleirtal ser på læringsutbyteskildringar som nyttige, omtrent 2 av 3 arbeidstakere. Samstundes ser vi ein tendens til at arbeidstakarar i offentleg sektor i større grad vurderer læringsutbyteskildringar som nyttige samanlikna med arbeidstakarar i privat sektor, men skilnadene er små.




Figur 2.6: Andel blant dei som kjenner læringsutbyteskildringar som opplever dei som nyttige/unyttige (N=696)



Figur 2.7: Andel blant dei som kjenner læringsutbyteskildringar som opplever dei som nyttige/unyttige, fordelt på sektor (N=633)

Figur 3.3 viser andelen av arbeidstakarane som opplever læringsutbyteskildringar som nyttige, fordelt på bransje.³ Merk at på grunn av lågare N er det knytt litt meir uvisse til desse tala, samanlikna med den tilsvarende figuren 2.3 i kapittel 2. Når dette er sagt, ser vi likevel at nokre av dei same bransjane innanfor helse- og omsorgstenester og utdanning, som har høg kjennskap, også i større grad ser ut til å vurdere læringsutbyteskildringar som nyttige, samanlikna med andre bransjar.



Figur 2.8: Andel blant dei som kjenner læringsutbyteskildringar som opplever dei som nyttige/unyttige, fordelt på bransje (N=692)

2.3 Kva faktorar veg tyngst?

Kapittel 2 og 3 presenterte kjennskap til og vurdering av nytte av læringsutbyteskildringar, fordelt på ulike trekk ved arbeidstakarane (alder, utdanning) og arbeidsplassane deira (sektor- og bransjetilhørsle).

Det er imidlertid grunn til å tru at nokre av desse faktorane ikkje er uavhengige av kvarandre – det er for eksempel ein del bransjar me finn nesten utelukkande i offentleg

³ Bransjar med færre enn 10 respondentar som kjenner til læringsutbyteskildringar er fjerna frå utvalet.

(eller privat) sektor. Regresjonsanalysar gjer det mogeleg å avdekkje den relative samanhengen (og styrken på denne) mellom diverse bakgrunnsvariablar og kjennskap til / nytte av læringsutbyteskildringar blant arbeidstakarar. Modell 1 og modell 2 viser resultata for logistiske regresjonsmodellar med høvesvis kjennskap til læringsutbyteskildringar og vurderinga av nytten av læringsutbyteskildringar som avhengige variablar. Vi har inkludert følgjande uavhengige variablar⁴: sektor, bransje (ikke vist i tabell 4.1 – sjå vedlegg), om arbeidstakaren har leiarstilling, alderen til arbeidstakaren (frå 19-66 år), om ein er medlem av ei fagforeining, utdanningsnivå (VGS og lågare, høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning), kjønn (der verdien 1 er kvinne), og om arbeidstakaren har deltatt i undervisning på universitets- eller høgskulenivå i løpet av dei siste 12 månedane.

Tabell 2.1: Logistisk regresjon med kjennskap til læringsutbyteskildringar og vurdering av nytte som avhengige variablar.

	Modell 1 Kjenner LUB (Oddsrate)	Modell 2 LUB er nyttig (Oddsrate)
Sektor		
Privat (referansekategori)		
Offentleg	1.534**	1.101
Offentleg eigmeld selskap	0.987	0.768
Har leiarstilling	1.298*	0.985
Alder	0.959***	1.002
Fagforeningsmedlem	1.143	1.779*
Høg utdanning	1.382**	
Kjønn (kvinne)	1.104	1.509*
Høgare utdanning ila. siste 12 mnd.	3.821***	
N	3740	623

Koeffisientar vist som oddsrate. Kontrollvariablar: bransjetilhørsle.

Resultata i modell 1 viser låg til ingen samanheng mellom kjennskap til læringsutbyteskildringar og kjønnet til arbeidstakaren, og dessutan om arbeidstakaren har leiarstilling, eller er medlem i ei fagforeining. Vi ser teikn til høgare kjennskap i offentleg sektor, men denne effekten blir redusert vesentleg når vi kontrollerer for bransjetilhørsle (oddsraten redusert frå 2,3 til ca. 1,5 – sjå vedlegg). Dette indikerer at ein del av variasjonen i kjennskap vi ser i offentleg sektor kan forklaraast med variasjon på tvers av bransjar. Predikert sannsynlegheit for kjennskap indikerer at det er særleg arbeidstakarar innanfor bransjane barnehage/skule/undervisning, og til ein viss grad bransjen helsetenester, som i størst grad skil seg *signifikant* frå fleire andre bransjar med høg sannsynlegheit for kjennskap. Som eit eksempel er den predikerte sannsynlegheita for å kjenne til læringsutbyteskildringar for ein tilsett på 31 år med høgare utdanning og som ikkje har delteke i høgare utdanning dei siste 2 månadane, 41 prosent i bransjane

⁴ Sjå vedlegg for ei fullstendig oversikt over bakgrunnsvariablane og resultata frå den logistiske regresjonen.

barnehage/skule/undervisning, 29 prosent for offentleg sentralforvaltning, og 16 prosent for bransjene varehandel/butikk. Ser vi på predikert sannsynlegheit mellom sektorane, innanfor bransjene med størst sektorvariasjon, finn vi ikkje signifikante skilander i sannsynlegheit for kjennskap mellom offentleg og privat sektor.⁵

Vi ser også at kjennskap synker med alder, kontrollert for andre variablar. Vidare er det ein markant samanheng mellom utdanningsnivå og kjennskap til læringsutbyteskildringar: Arbeidstakrar med høgare utdanning, både på fagskule og universitet/høgskule, kjenner læringsutbyteskildringar i større grad enn dei utan høgare utdanning. Til sist ser vi likevel at den *klart* sterke effekten på kjennskap er deltaking i utdanning på universitet / høyskolenvå i løpet av dei siste 12 månadane. Denne samanhengen er markant sterkare enn for nokon annan bakgrunnsvariabel, noko som indikerer at dette er ein vesentleg faktor når det gjeld kjennskap til læringsutbyteskildringar blant arbeidstakrar. Til dømes er predikert sannsynlegheit for å kjenne til læringsutbyteskildringar for ein tilsett på 31 år i offentleg sentralforvaltning med høgare utdanning 59 prosent dersom dei nyleg har delteke i høgare utdanning, samanlikna med 29 prosent dersom dei ikkje har det. Skilnaden minkar noko med alderen, men er signifikant og vesentleg òg for eldre arbeidstakrar (rundt 20-25 prosentpoeng differanse).

Resultata frå modell 2 viser få / svake teikn til samanheng mellom bakgrunnsfaktorane og om ein opplever læringsutbyteskildringar som nyttige. Vi ser svakt signifikante samanhengar (på 10 prosent-nivå) mellom fagforeiningstilhørsle og kjønn (kvinner), der fagforeiningstilhørsle har den største effekten.

3 Oppsummering

Kjennskapen til læringsutbyteskildringar blant arbeidstakrar må seiast å vere låg – berre 16 prosent av dei spurde svarte positivt på spørsmålet om kjennskap. Blant dei med kjennskap svarte likevel eit klart fleirtal (2 av 3) at dei også opplever læringsutbytteskildringane som nyttige.

Kjennskap til læringsutbyteskildringar er høgast i offentleg sektor, men noko av forklaringskrafta ligg likevel i skilnader mellom bransjar. Vi ser særleg høg grad av kjennskap i helse- og omsorg og utdanningssektoren. Andre faktorar som er med på å predikere kjennskapen til læringsutbyteskildringar inkluderer alder (yngre arbeidstakrar kjenner i større grad til læringsutbyteskildringar) og utdanningsnivå (arbeidstakere med høgare eller høgare yrkesfagleg utdanning kjenner i større grad til læringsutbyteskildringar). Den sterkeste samanhengen med kjennskap ser vi likevel for arbeidstakrar som har tatt utdanning på universitet/høgskulenivå i løpet av det siste året – dei har klart høgare kjennskap til læringsutbyteskildringar enn dei som ikkje har (høvesvis 50 og 14 prosent). Sjølv om vi ikkje kan sjå bort frå at dette også omfattar arbeidstakrar som har fullført grunnutdanninga si i løpet av dei siste 12 månadane, er det ikkje usannsynleg at det er ein viss indikasjon på at arbeidstakrar i etter- og vidareutdanning i større grad kjenner til læringsutbyteskildringar. Vi ser likevel ingen markant skilnad i opplevinga av *nytten* av læringsutbyteskildringar basert på om ein er i etter- og vidareutdanning eller ikkje.

⁵ Sjå vedlegg for meir informasjon om predikert sannsyn for modellane, inkludert tabelloversikter.

4 Vedlegg

4.1 Regresjon – bakgrunnsvariabler

Tabell 4.1 og 4.2 gir ei oversikt over variablene inkludert i dei logistiske regresjonsmodellane i del 2. Variabelen «høg utdanning» er koda om frå spørsmål i skjemaet om høgaste fullførte utdanning – høgare eller høgare yrkesfagleg utdanning er gitt verdien 1; anna utdanning er gitt verdien 0.

Tabell 4.1: Deskriptiv statistikk for avhengige og uavhengige variabler inkludert i regresjonsanalysen (kap 4.2).

Variabel	N	Gj.snitt / andel	Std.av.	Min	Max
Alder	4 066	48,3	11,3	19	66
Kjenner læringsutbyttebeskrivelser	4 066	0,17	0,38	0	1
Nei	3 370	82,9			
Ja	696	17,1			
Opplev læringsutbyteskildringar som nyttige	696	0,7	0,48	0	1
Nei	241	34,6			
Ja	455	65,4			
Sektor	3 792	1,52	0,58	1	3
Privat sektor	1 992	52,5			
Offentlig sektor	1 644	43,4			
Offentlig eiet selskap	156	4,1			
Leiarstilling	3 791	0,23	0,42	0	1
Nei	2 902	76,6			
Ja	889	23,5			
Fagforeningsmedlem	4 022	0,70	0,46	0	1
Nei	1 206	30,0			
Ja	2 816	70,0			
Høg utdanning	4 066	0,56	0,50	0	1
Nei	1 800	44,3			
Ja	2 266	55,7			
Kvinne	4 066	0,51	0,50	0	1
Mann	2 008	49,4			
Kvinne	2 058	50,6			
Delteke i høgare utdanning ilia. siste 12 mnd.	4 066	0,09	0,29	0	1
Nei	3 681	90,5			
Ja	385	9,5			

Tabell 4.2: Fordeling av respondentane på bransje.

Bransje	N	Andel
Offentlig sentralforvaltning / myndighet	513	12,7
Barnehage / skole / undervisning	531	13,1
Helsetjenester	474	11,7
Sosialtjenester / barnevern	56	1,4
Pleie- og omsorgstjenester	119	2,9
Forsvar / politi- / rettsvesen / vakthold	93	2,3
Landbruk / skogbruk / fiske	33	0,8
Industri / teknikk	266	6,6
Bygg / anlegg	198	4,9
Varehandel / butikk	249	6,2
Transport / samferdsel	222	5,5
Kultur / idrett / organisasjoner	110	2,7
Media / reklame / PR / informasjon	73	1,8
Forskning / analyse	69	1,7
Reiseliv / hotell	50	1,2
Restaurant / servering	27	0,7
Telekommunikasjon / IT	195	4,8
Bank / forsikring / finans	152	3,8
Forretningsmessig service- / tjenesteyting	113	2,8
Olje / gass / energi	192	4,7
Annet	314	7,8
Total	4 049	100

4.2 Regresjon – komplette resultat

Tabell 4.3 viser resultat av to logistiske regresjonsmodellar, med hhv. kjennskap til læringsutbytteskildringar og opplevd nytte av læringsutbytteskildringar som avhengige variablar. Bransjetilhørsle er utelatt frå modellane. Tabell 4.4 viser same analyse men med bransjetilhørsle inkludert.

Tabell 4.3: Logistisk regresjon med kjennskap til, og vurderingen av nytte av, læringsutbyteskildringar som avhengige variablar. Bransjetilhørsle utelatt som uavhengig variabel.

	Modell 1 Kjenner LUB (Odds rater)	Modell 2 LUB er nyttig (Odds rater)
Sektor		
Privat (referansekategori)		
Offentleg	2.163***	1.159
Offentleg eigmeld selskap	1.079	0.565
Har leiarstilling	1.296*	0.977
Alder	0.959***	1.000
Fagforeningsmedlem	1.211	1.677*
Høg utdanning	1.395**	
Kjønn (kvinnne)	1.187	1.710**
Høgare utdanning ila. Siste 12 mnd.	4.102***	
<i>N</i>	3754	627

Tabell 4.4: Logistisk regresjon med kjennskap til, og vurderingen av nytte av, læringsutbyteskildringar som avhengige variablar. Bransjetilhørsle inkludert som uavhengig variabel.

	Modell 1 Kjenner LUB (Odds rater)	Modell 2 LUB er nyttig (Odds rater)
Sektor		
Privat (referansekategori)		
Offentleg	1.534**	1.101
Offentleg eigmeld selskap	0.987	0.769
Har leiarstilling	1.298*	0.985
Alder	0.959***	1.002
Fagforeningsmedlem	1.143	1.779*
Høg utdanning	1.382**	
Kjønn (kvinnne)	1.104	1.509*
Bransje		
Barnehage / skole / undervisning	1.844***	1.908*
Helsetjenester	1.437*	2.417**
Sosialtjenester / barnevern	1.121	0.575
Pleie- og omsorgstjenester	1.586	2.744
Forsvar / politi- / rettsvesen / vakthold	0.783	0.917
Landbruk / skogbruk / fiske	0.938	1.515
Industri / teknikk	0.907	1.371

Bygg / anlegg	0.896	1.611
Varehandel / butikk	0.675	3.895*
Transport / samferdsel	1.173	1.012
Kultur / idrett / organisasjoner	0.753	2.033
Media / reklame / PR / informasjon	0.519	0.243
Forskning / analyse	1.876*	1.093
Reiseliv / hotell	0.826	0.621
Restaurant / servering	1.448	3.976
Telekommunikasjon / IT	0.957	1.393
Bank / forsikring / finans	0.417*	0.321
Forretningsmessig service- / tjenesteyting	0.866	0.700
Olje / gass / energi	0.449*	1.320
Annet	0.904	2.630*
Høgare utdanning ila. Siste 12 mnd.	3.821***	

N	3740	623
Koeffisientar vist som oddsrouter.		

Tabellane 0.5 til 0.7 under viser predikert sannsynlighet for kjennskap til læringsutbyteskildringar, fordelt på bransje, med verdiane på variabelen alder sett til hhv. 31, 50, og 61 år. Verdien på øvrige, kategoriske variablar er sett til medianverdien, med unntak av sektortilhørsle, som er sett til «offentleg». Verdiane er leiarstilling=0, fagforeining=1, kvinne=1, høg utdanning=1 og deltaking i høgare utdanning dei siste 12 månadane = 0.

Tabell 0.8 og tabell 0.9 viser predikert sannsyn for høvesvis fullført høgare utdanning og deltaking i høgare utdanning ila. dei siste 12 månadane. Bransje er sett til «barnehage/skole/undervisning». Øvrige variablar er sett til same verdiar som i tabellane 0.5 til 0.7.

Tabell 4.5: Predikert sannsyn for kjennskap til læringsutbyteskildringar, fordelt på bransje (alder = 31).

Bransje	Margin	Std. Err.	z	P> z	[95% Conf.	Interval]
Offentlig sentralforvaltning / myndighet	0,289	0,031	9,18	0	0,227	0,351
Barnehage / skole / undervisning	0,428	0,033	12,97	0	0,364	0,493
Helsetjenester	0,369	0,033	11,23	0	0,304	0,433
Sosialtjenester / barnevern	0,313	0,075	4,2	0	0,167	0,459
Pleie- og omsorgstjenester	0,392	0,059	6,59	0	0,275	0,508
Forsvar / politi- / rettsvesen / vakthold	0,241	0,059	4,1	0	0,126	0,357
Landbruk / skogbruk / fiske	0,276	0,129	2,14	0,032	0,023	0,529
Industri / teknikk	0,269	0,058	4,62	0	0,155	0,384
Bygg / anlegg	0,267	0,064	4,19	0	0,142	0,392
Varehandel / butikk	0,215	0,052	4,12	0	0,113	0,318
Transport / samferdsel	0,323	0,061	5,31	0	0,204	0,442
Kultur / idrett / organisasjoner	0,234	0,060	3,88	0	0,116	0,353
Media / reklame / PR / informasjon	0,174	0,072	2,41	0,016	0,032	0,316
Forskning / analyse	0,433	0,072	6	0	0,291	0,574
Reiseliv / hotell	0,251	0,098	2,56	0,01	0,059	0,444
Restaurant / servering	0,370	0,136	2,72	0,007	0,103	0,637
Telekommunikasjon / IT	0,280	0,056	5,02	0	0,171	0,389
Bank / forsikring / finans	0,145	0,050	2,88	0,004	0,046	0,244
Forretningsmessig service- / tjenesteyting	0,260	0,074	3,52	0	0,115	0,405
Olje / gass / energi	0,154	0,051	3,04	0,002	0,055	0,254
Annet	0,269	0,046	5,8	0	0,178	0,359

Tabell 4.6: Predikert sannsyn for kjennskap til læringsutbyteskildringar, fordelt på bransje (alder = 50).

Bransje	Margin	Std. Err.	z	P> z	[95% Conf.	Interval]
Offentlig sentralforvaltning / myndighet	0,155	0,019	8,38	0	0,119	0,192
Barnehage / skole / undervisning	0,253	0,023	11,12	0	0,209	0,298
Helsetjenester	0,209	0,022	9,36	0	0,165	0,253
Sosialtjenester / barnevern	0,171	0,049	3,52	0	0,076	0,266
Pleie- og omsorgstjenester	0,226	0,043	5,31	0	0,142	0,309
Forsvar / politi- / rettsvesen / vakthold	0,126	0,035	3,56	0	0,057	0,195
Landbruk / skogbruk / fiske	0,147	0,081	1,81	0,07	-0,012	0,306

Industri / teknikk	0,143	0,035	4,05	0	0,074	0,212
Bygg / anlegg	0,142	0,039	3,64	0	0,065	0,218
Varehandel / butikk	0,110	0,030	3,65	0	0,051	0,170
Transport / samferdsel	0,177	0,040	4,47	0	0,100	0,255
Kultur / idrett / organisasjoner	0,122	0,036	3,42	0,001	0,052	0,191
Media / reklame / PR / informasjon	0,087	0,040	2,19	0,029	0,009	0,165
Forskning / analyse	0,257	0,056	4,57	0	0,147	0,367
Reiseliv / hotell	0,132	0,060	2,21	0,027	0,015	0,249
Restaurant / servering	0,210	0,098	2,15	0,031	0,019	0,402
Telekommunikasjon / IT	0,150	0,035	4,27	0	0,081	0,218
Bank / forsikring / finans	0,071	0,027	2,68	0,007	0,019	0,123
Forretningsmessig service- / tjenesteyting	0,138	0,045	3,05	0,002	0,049	0,226
Olje / gass / energi	0,076	0,027	2,81	0,005	0,023	0,130
Annet	0,143	0,028	5,1	0	0,088	0,197

Tabell 4.7: Predikert sannsyn for kjennskap til læringsutbyteskildringar, fordelt på bransje (alder = 61).

Bransje	Margin	Std. Err.	z	P> z	[95% Conf.	Interval]
Offentlig sentralforvaltning / myndighet	0,104	0,015	7,07	0	0,075	0,133
Barnehage / skole / undervisning	0,177	0,020	8,72	0	0,137	0,216
Helsetjenester	0,143	0,019	7,48	0	0,106	0,181
Sosialtjenester / barnevern	0,115	0,036	3,22	0,001	0,045	0,186
Pleie- og omsorgstjenester	0,156	0,033	4,66	0	0,090	0,221
Forsvar / politi- / rettsvesen / vakthold	0,084	0,025	3,28	0,001	0,034	0,133
Landbruk / skogbruk / fiske	0,098	0,058	1,7	0,089	-0,015	0,212
Industri / teknikk	0,095	0,026	3,74	0	0,045	0,145
Bygg / anlegg	0,094	0,028	3,36	0,001	0,039	0,149
Varehandel / butikk	0,073	0,021	3,39	0,001	0,031	0,115
Transport / samferdsel	0,120	0,030	4,04	0	0,062	0,178
Kultur / idrett / organisasjoner	0,081	0,025	3,19	0,001	0,031	0,130
Media / reklame / PR / informasjon	0,057	0,027	2,09	0,036	0,004	0,110
Forskning / analyse	0,179	0,045	3,98	0	0,091	0,267
Reiseliv / hotell	0,088	0,042	2,08	0,038	0,005	0,170
Restaurant / servering	0,144	0,073	1,96	0,05	0,000	0,288
Telekommunikasjon / IT	0,100	0,026	3,87	0	0,049	0,151
Bank / forsikring / finans	0,046	0,018	2,57	0,01	0,011	0,082
Forretningsmessig service- / tjenesteyting	0,092	0,032	2,84	0,004	0,028	0,155
Olje / gass / energi	0,050	0,019	2,68	0,007	0,013	0,086
Annet	0,095	0,021	4,61	0	0,055	0,136

Tabell 4.8: Predikert sannsyn for kjennskap til læringsutbyteskildringar innan bransjane barnehage/skule/undervisning, fordelt på arbeidstakarar med og utan høgare utdanning.

Høgare eller høgare yrkesfagleg utdanning

(31 år)	Margin	Std. Err.	z	P> z	[95% Conf.	Interval]
Nei	0,352	0,039	9,13	0	0,276	0,427
Ja	0,428	0,033	12,97	0	0,364	0,493
(50 år)	Margin	Std. Err.	z	P> z	[95% Conf.	Interval]
Nei	0,197	0,023	8,53	0	0,152	0,242
Ja	0,253	0,023	11,12	0	0,209	0,298
(61 år)	Margin	Std. Err.	z	P> z	[95% Conf.	Interval]
Nei	0,134	0,018	7,44	0	0,099	0,170
Ja	0,177	0,020	8,72	0	0,137	0,216

Tabell 4.9: Predikert sannsyn for kjennskap til læringsutbyteskildringar innan bransjane barnehage/skule/undervisning, fordelt på arbeidstakarar som ikkje har / har delteke i høgare utdanning ila. dei siste 12 månadane.

Delteke i utdanning på universitet/ høgskule ila. dei siste 12. månadane?

(31 år)	Margin	Std. Err.	z	P> z	[95% Conf.	Interval]
Nei	0,428	0,033	12,97	0	0,364	0,493
Ja	0,741	0,030	25,06	0	0,683	0,799
(50 år)	Margin	Std. Err.	z	P> z	[95% Conf.	Interval]
Nei	0,253	0,023	11,12	0	0,209	0,298
Ja	0,565	0,038	14,75	0	0,490	0,640
(61 år)	Margin	Std. Err.	z	P> z	[95% Conf.	Interval]
Nei	0,177	0,020	8,72	0	0,137	0,216
Ja	0,450	0,044	10,25	0	0,364	0,537



DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578, 1327 LYSAKER | T: 21 02 18 00 | NOKUT.NO